



Sjå adresseliste

Dato: 20.06.2016
Vår ref.: 2014/1180-70
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Invitasjon til møte i politisk styringsgruppe

Regional areal- og transportplan var på høyring og offentleg ettersyn hausten 2015. Prosessen fram til høyringa var organisert med ei politisk styringsgruppe som la fram eit planforslag for politisk handsaming i fylkeskommunen. I denne gruppa var alle kommunane representert med ordførarar. Bergen kommune var representert ved byråd for byutvikling.

I høyringa er det kome fleire innspel, både frå kommunar, regional statlege organ og ulike organisasjonar. Alle innspela er samla og lagt ved dette brevet. Det er behov for vidare dialog med kommunane i planområdet for å drøfte vidare prosess og saksgang.

Fylkesutvalet i Hordaland har bedt meg om å etablere ei ny styringsgruppe for å koordinere sluttarbeidet med planen. I tillegg til representantar frå kommunane er alle gruppeleiarane på fylkestinget invitert.

Eg ønskjer velkomen til første møte i gruppa 9. september 2016 klokka 12-14.

Anne Gine Hestetun
Fylkesordførar

Vedlegg

1. Samlefil med alle høyringsinnspel
2. Høyringsforslag til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
3. FUV-sak PS 100/2016